

Endringar i integreringslova mv.

Auka arbeidsretta tiltak og formell opplæring i introduksjonsprogrammet

Proposisjon til Stortinget (Prop. 81 L, 2024–2025)

25. september 2025



Statsforvaltaren i Vestland



26.09.2025



Proposisjonens hovudinnhald og bakgrunn

- Hovudmål:

- Styrkje arbeidsretta tiltak i introduksjonsprogrammet
- Leggje til rette for at fleire kan fullføre formell vidaregåande opplæring
- Bidra til eit klarare og enklare regelverk

- Bakgrunn:

- Oppfølging av Meld. St. 17 (2023–2024) «Stille krav og stille opp»
- Lovforslag fremma i Prop. 81 L (2024–2025)
- Evalueringar av integreringsregelverket – FAFO Evaluering
- Erfaringar frå høge ankomstar frå Ukraina

- Historikk:

- Integreringslova trådde i kraft 1. januar 2021 – differensiert programtid - Erstatte introduksjonslova av 2003 – toårs programtid
 - Kompetansekartlegging før busetjing
 - Rett og plikt til karriererettleiing
 - Kurs i livsmeistring og foreldrerettleiing
 - Kompetansekrav for lærarar i norsk og samfunnskunnskap
 - Forsvarlegheitskrav: kommunale tenester skal følge faglege retningslinjer og kunnskap
- Seinare endringar, sist vedteke i Lovvedtak 115 (2024–2025), med ikraftsetjing 20. juni og 1. juli 2025



Klargjering av føremål og hensikt med lova

Gjeldande rett (før 20. juni 2025)

- Formålsparagrafen (§ 1) brukte uttrykket «varig tilknytning til arbeidslivet».

Ny ordlyd (§ 1, frå 20. juni 2025)

- Endra til «stabil tilknytning til arbeidslivet».
- **Kvifor endring?**
 - «Stabil» = mellombels fråvær utan tap av tilknytning
 - «Varig» ≠ permanent/livslang
 - loven speglar betre røyndomen i arbeidslivet

Høyringsprosess

- Fleirtalet av høyringsinstansane støtta endringa.

Ikraftsetjing: 20. juni 2025.



Klargjering av føremål og hensikt med lova forts.

Innhold:

Gjeldande rett (fram til 31. desember 2025)

- Ingen eksplisitt føresegn i loven om føremålet med introduksjonsprogrammet for ulike deltakargrupper.
- Føremålet har vore omtalt i forarbeid og rettleiing, men ikkje tydeleg lovfesta.

Ny ordlyd frå 1. januar 2026 (§§ 13 og 14)

- Tydeliggjering av føremål for ulike deltakargrupper.
- Deltakarar med fullført vidaregåande opplæring eller høgare utdanning (§ 13): Programmet skal «*kvalifisere for arbeid eller førebu for utdanning over vidaregåande nivå eller yrkesfagleg rekvalifisering etter opplæringslova 18-4*».
- Tidlegare formulering: «*kvalifisere til høgare utdanning*».

Kvifor endring?

- «**Førebu**»: Full kvalifisering innanfor programtida er ofte urealistisk, særleg for utdanning på høgare nivå.
- **Utviding til yrkesfagleg rekvalifisering**: Viktig for å møte behov i framtidig arbeidsmarknad og gi fleksibilitet for deltakarar som treng omskolering.

Ikraftsetjing: 1. januar 2026.



Klargjering av føremål og hensikt med lova forts.

Innhald:

- Deltakarar utan VGS (§ 14):
 - Programmet skal «gi formell opplæring på vidaregåande nivå eller kvalifisere for arbeid».
 - FOV (førebuande opplæring for vaksne) kan ikkje vere eit sjølvstendig slutt mål, men kan inngå som del av eit opplæringsløp.
 - Opplæringslova – Innføring av modulstrukturert opplæring for vaksne frå 2024 -2025
 - Starte vidaregåande opplæring sjølv om eleven ikkje har fullført alle fag i FOV.
- Deltakarar under 25 år utan VGS:
 - Hovudregel: fullført vidaregåande opplæring.
 - Dersom ikkje mogleg innan programtida: slutt mål = delar av VGS eller arbeid. Det er ikkje ei realitetsendring, berre lovfesting

Ikraftsetjing: 1. januar 2026



Utviding av målgruppa

Innhald:

- Tidlegare regel: Over 55 år var i «kan»-gruppe – berre 3–4 % fekk tilbod.
- Rett og plikt utvida til å omfatte personar til og med 60 år
- Omfang: Gjeld om lag 100 personar per år i ein normalsituasjon.
- Kommunen kan stanse programmet ved omfattande fråvær eller langvarig sjukdom.
- Kvifor?
 - Fleire yrkesaktive år
 - Samfunnsforventning om lengre arbeidsliv
 - Redusere kommunale forskjellar
- 56–60 år: berre kvalifisering for arbeid.
- Heilskap i regelverket: Norskopplæring er allereie ein rett heilt opp til 67 år.

Ikraftsetjing: Endringa vil ikkje tre i kraft før ankomstsituasjonen og kapasitetssituasjonen i kommunane er normalisert.



Utviding av målgruppa forts.

Innhold:

- Dei som arbeider ≥ 30 timar/veke, har ikkje rett/plikt.
 - Unngå unødvendig ressursbruk
 - senke terskel for arbeid.
- Deltid < 30 t kan vere del av program
- Kommunen må tilby fleksible løysingar (t.d. digitale kurs)
- Ved opphøyr av arbeid:
 - Rett/plikt til program dersom arbeid fell bort innan 2 år etter busetjing
 - Avgrensing: berre éin gong i toårsperioden
 - I toårsregelen blir ein framleis rekna som nykomen – skal sikre at ein ikkje står utan kvalifiseringstilbod

Forslag til permisjonsregel fjerna – arbeid = slutt mål nådd

Ikraftsetjing: 1. januar 2026



Realkompetansevurdering – frå "Bør" til "Skal"

Innhald:

- Gjeldande rett: Kommunen bør vurdere.
- Nytt: Kommunen skal rettleie deltakarar om realkompetansevurdering (§ 18-8).
- Nasjonalt rammeverk og kompetanseheving for kvalitet i realkompetansevurdering
- Kvifor?
 - Dokumentere kompetanse
 - Oppfylle VGS-krav
 - Avkorte opplæring
- Forventa auka ressursbruk for fylkeskommunane, men besparingar i introduksjonsstønad.
Opplæringslova vs. Integreringslova – modulstrukturert opplæring
sjå §18-8 i opplæringslova: Rett til opplæring → rett til vurdering og dokumentasjon av realkompetanse
- Ikraftsetjing: 20. juni 2025



Karriererettleiing – Fokus på fleksibilitet

Innhold:

- Gjeldande rett: § 11 – rett/plikt til karriererettleiing
- Midlertidige reglar for flyktningar frå Ukraina (§ 37b) blir vidareførte.
- Høyringsinstansar: bekymring for fylkeskommunane si kapasitet.
- Rettleiing kan vere prosessorientert med fleire møtepunkt.

Ikraftsetjing: 20. juni 2025



Programvarigheit for deltakarar med VGS eller høgare

Innhald:

- Varigheit: 3–6 månader, med mogleg forlenging → nytt: inntil 12 månader, Programmet kan ikkje forlengjast.
- Kvifor?
 - Redusere forskjellar mellom kommunane
 - Sikre likebehandling
- Fjerning av minstetid: 3 månader fjernast.
- Bakgrunn:
 - Funn frå Fafo viser ulik praksis mellom kommunane - påverkar måloppnåing
 - Handlingsrom: Kan starte med kortare vedtak og forlenge ved behov
- Individuell tilpassing innan 12 månader.
- Rett og plikt til norskopplæring etter avslutta program
- Forkorta kurs i livsmestring
- Foreldrerettleiing: ikkje forkorta

Ikraftsetjing: 1. januar 2026



Introduksjonsprogram for deltakarar med VGS eller høgare forts.

Innhold:

- Obligatorisk innhald: norsk, samfunnskunnskap, forkorta kurs i livsmeistring, arbeids-/utdanningsretta element.
- Minstekrav arbeidsretting: ≥ 15 timar/veke frå 4. månad (§ 13).
 - Skjerper krav i §14: programmet skal ha arbeids-/utdanningsretta element
 - Sikre relevant og praktisk erfaring med norsk arbeidsliv tidleg
 - Evaluering: midlertidige reglar har bidratt til dette
- Element – Sjå 14a - praksis, deltid, yrkes-/bransjekurs, NAV-tiltak, og andre liknande tiltak
- Skal støtte norskopplæring.

Ikraftsetjing: 1. januar 2026



Programvarigheit for deltakarar utan VGS eller høgare

Innhald:

- Varigheit: 3 mnd–3 år (VGS), 2 år (andre mål).
- Nytt: utdanningsretta program
 - Delar av VGS: inntil 3 år + 1 års forlenging
 - Heile VGS: inntil 4 år + 1 års forlenging
 - Fag-/yrkesopplæring: inntil 5 år, ingen forlenging
- Forlenging: lovbunde skjønn (§ vurdering av slutt mål).
- Arbeidsretta program: inntil 2 år, ingen forlenging.
- FOV kan ikkje lenger vere slutt målet for programmet
- Gje meir realistisk tid til å fullføre VGS/fagopplæring - Sikre likebehandling - Styrkje arbeidsretta innhald for dei som ikkje ønskjer lengre opplæringsløp

Ikraftsetjing: 1. januar 2026



Introduksjonsprogram for deltakarar utan VGS eller høgare forts.

- Innhald:
 - Minstekrav arbeidsretting: ≥ 15 timar/veke frå 7. månad (§ 14).
 - Skjerper krav i §14: programmet skal ha arbeids-/utdanningsretta element
 - Sikre relevant og praktisk erfaring med norsk arbeidsliv tidleg
 - Evaluering: midlertidige reglar har bidratt til dette
 - Element – Sjø 14a - praksis, deltid, yrkes-/bransjekurs, NAV-tiltak, og andre liknande tiltak
 - Skal støtte norskopplæring.

Ikraftsetjing: 1. januar 2026



Andre liknande tiltak.

Utdanning på VGO-nivå eller høgare

- For deltakarar som også treng utdanningsretta element, t.d. i samband med godkjenning av medbrakt utdanning
- Desse elementa kan alternativt kome i tillegg til minstekrava til arbeidsretta tiltak.

Utan utdanning på VGO-nivå

- Enkeltfag frå FOV kan inngå som del av minstekrava, dersom relevant for sluttmålet om arbeid.
- Tiltaka skal gjennomførast i eller nært tilknytt arbeidslivet, og faga må vere relevante for deltakarens konkrete mål om overgang til arbeid.

Endringer i varigheten av programmet



Deltagere	Sluttmål	Varighet program i dag	Ny varighet program
VGO fra før	Arbeid eller videre utdanning	3-6 mnd. + inntil 6 mnd. forlengelse	Inntil 1 år – ingen forlengelse
Uten VGO	Arbeid	Inntil 2 år + inntil 1 år forlengelse	Inntil 2 år – ingen forlengelse
	Fullføre deler av VGO	Inntil 2 år + inntil 1 år forlengelse	Inntil 3 år + inntil 1 år forlengelse
	Fullføre VGO	Inntil 3 år + inntil 1 år forlengelse	Inntil 4 år + inntil 1 år forlengelse
	Fullføre fag- og yrkesopplæring	Inntil 3 år + inntil 1 år forlengelse	Inntil 5 år



langsiktige mål

Innhold:

- Frå integreringskontrakt (§ 16) → integreringsplan (§ 15, 3. ledd).
- Kvifor?
 - Rettssikkerheit: integreringsplan = enkeltvedtak, kan påklagast
 - Klarare samanheng med slutt mål
 - Dynamisk plan: kan endrast undervegs

Langsiktig mål: jobbe som lege i Norge - Kortsiktig mål: jobbe som assistent mens man kvalifiserer

- Integreringskontrakt: behaldar overordna forpliktingar.

Ikraftsetjing: 1. januar 2026



Ny bestemmelse om samordning

Innhold:

- Ny § 12a: kommunen skal sikre heilskapleg og samordna program, samarbeid med relevante aktørar.
- Kvifor?
 - Tydeliggjere ansvar
 - Betre kvalitet
 - Likare praksis
 - Mange aktørar involvert (NAV, vaksenopplæring, fylkeskommunen)
- Ikkje inngrep i kommunalt sjølvstyre.

Ikraftsetjing: 20. juni 2025



Utvida tilsyn med fylkeskommunen

Innhold:

- Statsforvaltaren får heimel til å føre tilsyn med fylkeskommunens oppgåver (§§ 11 og 30).
- Kvifor?
 - Variasjon i kvalitet og tilbod
 - Utvida tilsyn styrkjer oppfølging
 - Sikrar like moglegheiter og rettstryggleik

Ikraftsetjing: 20. juni 2025



Oppheving av midlertidige reglar for flyktningar frå Ukraina

Innhald:

- Midlertidig kapittel 6A (2022) for høge ankomstar frå Ukraina.
- Oppheving av § 37c med unntak: samfunnskunnskap ikkje obligatorisk.
- Vidareføring av norskopplæring etter § 37d : 1 år utan samfunnskunnskap + forkorta kurs i livsmeistring.
- Unntaket frå plikt til program har ikkje fungert: 80 % deltok likevel.
- Feiloppfatning i kommunar: Ukrainarar kan «komme og gå» utan trekk i stønaden.
- Eitt regelverk, ordinære og midlertidige reglar samkøyrde.
- Personar med jobb/tilbod om jobb har ikkje rett eller plikt til program.
- Minstekrav til arbeidsretta innhald vil innførast, basert på dei midlertidige reglane.

Ikraftsetjing: 1. januar 2026



Oppheving av midlertidige COVID-19 lovanpassingar

Innhald:

- Midlertidige lover frå 2020 opphevast
- Grunngjeving:
 - Over fire år sidan vedtak, behovet er borte
 - Bred støtte frå høyringsinstansar

Ikraftsetjing: 20. juni 2025



Økonomiske og administrative konsekvensar

Innhald:

- Lovforslaget: vidarefører dagens lov, men forenkler forvaltning og aukar deltaking.
- Utviding målgruppe 56–60 år: fleire i jobb, redusert sosialhjelp.
- Realkompetansevurdering: auka ressursbruk for fylkeskommunar, besparingar for kommunar.
- Programvarigheit: auka utgifter for introduksjonsstønad, kompensasjon via integreringstilskot.
- Minstekrav arbeidsretting: meir involvering av NAV og arbeidsgjevarar.
- Samordning: små konsekvensar.
- Tilsyn fylkeskommunen: små auke i ressursar.



Oppsummering

Innhold:

- Lovendringane styrkjer arbeidsretting og formell opplæring i introduksjonsprogrammet.
- Nøkkelendringar:
 - Endra føremål: «varig» → «stabil» tilknyting
 - Utvida målgruppe til 60 år, unntak ved heiltidsarbeid
 - Kommunane skal rettleie om realkompetansevurdering
 - Lengre programtid (opptil 5 år for fag-/yrkesopplæring)
 - Minstekrav arbeidsretta element
 - Langsiktige mål flyttast til integreringsplan
 - Ny bestemmelse om samordning
 - Utvida tilsyn med fylkeskommunen
 - Oppheving av midlertidige Ukraina-reglar med unntak



Har endringane tilbakeverkande kraft?

Hovudregel: Endringar har ikkje tilbakeverkande kraft, med mindre det er uttrykkeleg fastsett i lov eller forskrift.

- Når det gjeld innføringskrav om arbeidsretta element:
 - Ingen tilbakeverkande kraft → deltakarar held fram med same opplegg som før.
- Unntak: Overgangsreglar i forskrifta §§ 75 og 76:
 - § 75:
 - Varigheit etter § 13 gjeld for deltakarar med vidaregåande eller høgare utdanning som får oppstart etter 1. januar 2026.
 - § 76:
 - Varigheit etter § 14 for deltakarar utan vidaregåande, som skal ta formell opplæring → gjeld frå 1. januar 2025.
 - Varigheit etter § 14 for deltakarar utan vidaregåande, som skal kvalifisere for arbeid → gjeld frå 1. januar 2026.



Sidestilling av læreplan i FOV med læreplan etter integreringslova


Innhold:

- Ny opplæringslov (2024/2025): modulstrukturerte læreplanar i FOV
- 2024: læreplan i norsk for FOV *ikkje* sidestilt med læreplan for vaksne innvandrarar
- 1. juli 2025: departementet vedtok sidestilling (jf. integreringsforskrifta § 19a)
- Konsekvens:
 - Kommunen kan bruke læreplan i norsk for FOV for deltakarar i norskopplæring etter integreringslova kap. 6
 - Desse oppfyller si plikt til norskopplæring gjennom FOV
- Merk: Læreplan i samfunnsfag i FOV er *ikkje* sidestilt med læreplan for samfunnskunnskap etter integreringslova




Status arbeidsmarkedsintegrering

Antall og andel i jobb blant fordrevne 20–66 år




- 41 pst i jobb. Økt fra 27 pst juli i fjor
- 2 av 3 er under 40 år. 4 pst. er over 55 år.
- 71 % jobber minst 30 t i uken.
- 1 av 6 jobber innen overnatting og servering.
- Botid har mye å si. Over 50 pst av de som kom i 2022 er i jobb.

Andel ukrainske fordrevne i yrkesaktiv alder (20-66 år) i arbeid, registrert hos Nav, og med introduksjonsstønad



Andel ukrainske fordrevne i yrkesaktiv alder (20 til 66 år) med et arbeidsforhold i Norge med avtalt arbeidstid på minst 1 time, registrert hos Nav, og med utbetalt introduksjonsstønad. En person kan være i flere kategorier. Tall per måned. Foreløpige tall. Kilde: Nav

Syssselsetting per fylke




Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Foto: AID

Antall ukrainske fordrevne med et arbeidsforhold i Norge, og andelen dette utgjør av alle ukrainske fordrevne i alderen 20 til 66 år i hvert fylke. Tall per 1. august 2025. Foreløpige tall. Kilde: NAV

© Statsforvaltaren i Vestland 27

Overgang til arbeid/utdanning etter introduksjonsprogram per fylke



Antall ukrainske fordrevne som har gått over til arbeid/utdanning, og andelen dette utgjør av alle ukrainske fordrevne i alderen 18 til 55 år i hvert fylke Tall per 1. mai 2025, IMDi



Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Foto: AID

© Statsforvalteren i Vestland 28